



Myklebust gnr. 3 Sola k., Rogaland. Analysar av makroskopiske subfossil

Paula Utigard Sandvik

AM saksnummer: PR 10156
Journalnummer: 2007/10637
Dato: 18.09.2018
Sidetall: 34 + 7 tabellar
Opplag: PDF-fil

Oppdragsgiver: Jåsund Utvikling AS

Stikkord:
Makroskopiske subfossil
Korn
Viltveksande matplanter
Åkerugras
Fleirårige planter inkl. tre
Sporeplanter
Brente bein
Leddmark
Busetnadsspor
Yngre steinalder
Bronsealder
Eldre og yngre jernalder
Vikingetid

Oppdragsrapport 2018/11
Universitetet i Stavanger,
Arkeologisk museum,
Avdeling for fornminnevern

Utgiver:
Universitetet i Stavanger
Arkeologisk museum
4036 STAVANGER
Tel.: 51 83 31 00
Fax: 51 84 61 99
E-post: post-am@uis.no

Stavanger 2018

Myklebust gnr. 3, Sola k., Rogaland. Analysar av makroskopiske subfossil.

Paula Utigard Sandvik



Universitetet
i Stavanger

Arkeologisk museum

| | |
|--|--|
| Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum OPPDRA GSRAPPORT | RAPPORTNUMMER 2018/11 |
| Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum, 4036 Stavanger Telefon: 51832600, fax: 51832699, e-post: post-am@uis.no | TILGANG: |
| RAPPORT TITTEL Myklebust gnr. 3, Sola k., Rogaland. Analysar av makroskopiske subfossil. | SIDETALL: 34 sider + 7 tabeller som vedlegg |
| | OPPLAG: |
| | DAT0: 18.09.2018 |
| AM Journalnr. 2007/10637 SAKSHANDSAMAR: FORFATTAR(AR): Paula Utigard Sandvik | |

| | |
|--|-------------------------|
| OPPDRA GSGJEVAR Jåsund Utvikling AS | OPPDRA GSGJEVAR S REF. |
| REFERAT Sedimentprøvene som er analysert er frå ymse kontekst både innan og kring hus så, som stolpehol, groper, graver, kokegroper og eldstader, eit tråkk etter husdyrferdsel samt to jordprofil. I alt 56 ¹⁴ C-dateringar av korn, trekol, bein og sopp syner at aktivitetsspora er frå eit tidsrom på ca. 3000 år. Det er funn av dyrka planter i form av det korn av havre, bygg, kveite, uspesifisert korn og fragment av korn. Det er funne mange eittårige urter som veks som ugras på dyrka mark, og funn dannar dermed tette band til dyrking jamvel der ein ikkje finn dyrke planter. Det er påvist få viltveksande matplanter, nokre fleirårige urter samt forveda planter som ymse treslag, buskar og lyng og i tillegg sporeplanter som i hovudsak er sopp. Mesteparten av desse funna er forkola og til dels i såpass dårleg stand at det synt seg vanskeleg å identifisere dei til slekt og art. Den vanlegaste typen av plantematerial er trekol som er av fleire vanlege treslag. Det vanlegaste funnet av zoologisk material er eggkokongar av leddmakk som er del av den jordbuande faunaen. I tillegg er det spreidde funn av bein og insekt. | |
| STIKKORD | |
| Brente bein | Makroskopiske subfossil |
| Bronsealder | Ledd makk |
| Busetnadsspor | Sporeplanter |
| ¹⁴ C-dateringar | Vikingtid |
| Eldre og yngre jernalder | Viltveksande matplanter |
| Fleirårige planter inkl. treslag | Yngre steinalder |
| Korn | Åkerugras |


Paula Utigard Sandvik

Myklebust gnr. 3, Sola k., Rogaland. Analysar av makroskopiske subfossil.


| | |
|---|-----------|
| 1. BAKGRUNN | 3 |
| 2. METODIKK | 4 |
| 2.1. Makroskopiske subfossil..... | 4 |
| 2.2. Mikroskopiske subfossil..... | 5 |
| 2.3. ¹⁴ C-dateringar..... | 5 |
| 3. RESULTAT | 6 |
| 3.1. Felt 1 | 6 |
| 3.1.1. Hus 1 | 6 |
| 3.1.2. Hus 2 | 7 |
| 3.1.3. Hus 3 | 8 |
| 3.1.4. Hus 4 | 8 |
| 3.1.5. Hus 5 | 8 |
| 3.1.6. Hus 6 | 9 |
| 3.1.7. Hus 17 | 9 |
| 3.1.8. Hus 18 | 10 |
| 3.1.9. Ymse strukturar kring husa på felt 1 | 10 |
| 3.2. Felt 2 | 13 |
| 3.3. Felta 3, 4 og 5 | 14 |
| 3.4. Felt 6 | 14 |
| 3.5. Felt 7 | 15 |
| 3.5.1. Hus 8 | 15 |
| 3.5.2. Hus 9 | 16 |
| 3.5.3. Hus 13 | 16 |
| 3.5.4. Graver, groper, stolpehol og ymse kontekst utan kopling til særlege hus samt rydningsrøys på felt 7 .. | 18 |
| 3.6. Felt 8 | 20 |
| 3.6.1. Hus 10 | 20 |
| 3.6.2. Hus 11 | 21 |
| 3.6.3. Hus 14 | 21 |
| 3.6.4. Hus 15 | 21 |
| 3.6.5. Hus 16 | 22 |
| 3.7. Felt 9 | 23 |
| 3.7.1. Hus 7 | 23 |
| 3.8. Felt 10 | 23 |
| 3.8.1. Åkerprofil ved rydningsrøys | 24 |
| 4. SAMANFATNING | 26 |
| 4.1. Makroskopiske subfossil | 26 |
| 4.1.1. Dyrka planter | 26 |
| 4.1.2. Viltveksande matplanter | 26 |
| 4.1.3. Eittårige urter | 27 |
| 4.1.4. Andre planter | 27 |
| 4.1.5. Sporeplanter | 27 |
| 4.2. Zoologisk material | 27 |
| 4.3. ¹⁴C-dateringar | 28 |
| 4.4. Samla vurdering av resultata | 28 |
| 4.5. Myklebust i framtida | 30 |
| 5. KJELDER | 30 |
| VEDLEGG 1: FIGURTEKST FIGURE 1-13 | 33 |
| VEDLEGG 2: TABELLAR 1-7. | 34 |

1. Bakgrunn

Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger (AM UiS) gjennomførte somrane 2010 og 2011 arkeologiske granskingar på Myklebust i Sola kommune, Rogaland. Tiltakshavarar var Jåsund Utvikling AS som etter søknad hadde fått dispensasjon av Riksantikvaren frå Lov om kulturminne til å leggje området til rette for bustadbygging (journal nr. 2007/10637, prosjekt nr. PR 10156). Området ligg i fulldyrka mark på eit høgdedrag med utsyn over Hafrsfjord mot aust og nordaust og fjorden som leier inn mot Stavanger mot nord. Rogaland fylkeskommune (RFK) registrerte kulturminne i området og dei påviste tydelege spor etter busetnad frå bronse- og jernalder (Handeland 2006, Fyllingen 2009, Sundet 2006), noko som var årsaka til at Riksantikvaren stilte krav om utgravingar før tiltakshavar kunne utføre sine inngrep på staden. AM UiS utarbeidde ei plan for utgravinga der ei sentral problemstilling var å påvise og undersøkje spor etter busetnad samt graver.



Figur 1a. Kart over nordre delen av Tanangerhalvøya med markeringar av grensene mellom ulike gardar, marktypar inklusive torvmark samt registrerte kulturminne (Rønneseth 2001).



Figur 1b. Kart basert på Figur 1a med utheving av Myklebust gnr. 3, Sola kommune (gul farge), samt markering av utgravingsfelte frå 2010-2011 (orange farge) (Dahl 2014).

2. Metodikk

Arkeolog Barbro Irene Dahl leia den arkeologiske granskinga (Dahl 2014). Førsteamanuensis Paula Utigard Sandvik var ansvarleg for naturvitskaplege undersøkingar frå prosjektet og utførte analysane av makroskopiske subfossil medan dr. Anette Overland utførte analysane av mikroskopiske subfossil (Overland 2012) og avdelingsingeniørane Jon Erik Strange Amundsen (2010) og Trond Magne Storstad (2012) utførte vedanatomet analyse av trekol. Framgangsmåten for desse analysane er gjort greie for i dei respektive rapportane. Feltarkeologane og naturvitarane frå AM UiS samla inn prøver av sediment, trekol og bein til desse analysane undervegs i utgravinga.

2.1. Makroskopiske subfossil

Prøvene til analysar av makroskopiske subfossil er preparert ved flottering ved hjelp av utstyr utvikla ved AM (Bakkevig 1998, Bakkevig *et al.* 2002) og i samsvar med standard framgangsmåte tilrådd av høvesvis Griffin (1988), Schoch *et al.* (1988) og Wasylkova (1986). Før prepareringa starta, er volumet av prøvene målt (tabell 1). Utflottert materiale er sila gjennom sikt med maskevidde 0,5 mm i samsvar med AM sitt krav til standard for preparering av sedimentprøver for analysar av makroskopiske subfossil. Det utskilde materialet er tørka før sortering og analyse. Som for alle andre liknande prosjekt måtte ein prioritere utnyttinga av ressursar til naturvitskaplege analysar med sikte på å oppnå mest mogeleg kunnskap. I alt 338 prøver er preparert ved flottering som er utført i felt av feltpersonale ved AM eller siling utført i laboratoriet ved AM (Tabell 1). Siling og sortering er utført av forskningsteknikar Tamara Virnovskaia, ingeniør Jon Amundsen, avdelingsingeniør Trond Magne Storstad og arkeobotanikar Sara Westling medan analysane er utført av førsteamanuensis Paula Utigard Sandvik. Identifisering av diasporar er gjort med bruk av stereolupe med forstørring opp til 40x saman med AM si referansesamling av diasporar samt bøker og digitale oppslagsverka med illustrasjonar og beskrivande tekst som er relevante for floraen i Nord-Europa: Anderberg (1994), Beijerinck (1947), Berggren (1969; 1981), Bertsch (1941), Cappers *et al.* (2006), Dombrowskaja *et al.* (1959), Griffin (1988), Katz *et al.* (1965; 1977), Korsmo *et al.* (2001) og Schoch *et al.* (1988). Nomenklaturen for vitskaplege og norske plantenamn i tekst og tabellar er etter Lid & Lid (2005) og for sopp i følgje <http://webtjenester.artsdatabanken.no/Artsnavnebasen>. Prosjektet har


nummer S12603 i tilveksten ved AM UiS. Resultata av analysane er presentert i tabellane 3, 4, 5, 6 og 7 og drøfta i teksten. Både dei utsorterte planterestane, restmaterialet etter sorteringa samt preparerte prøver som i denne omgangen ikkje vart prioritert til analyser er lagra i Naturvitskapleg magasin ved AM som AM Nat. Vit. Prosjekt nr. 2010/01. I teksten blir prøvene omtala i forma 2010/01-x der x nummer til den spesifikke prøva. Det samla materialet skal vera ei tilgjengeleg kjelde for vidare forskning innan vegetasjonshistorie og landskapsutvikling i Rogaland i framtida.

2.2. Mikroskopiske subfossil

Det er samla inn prøver til analyse av mikroskopiske subfossil, høvesvis seks frå felt 7 og ni frå felt 10. Resultata av desse analysane er presentert av Overland (2012).

2.3. ¹⁴C-dateringar

Det er utført i alt 56 AMS ¹⁴C-datering (Tabell 2). Størstedelen av prøvematerialet til desse er sortert ut frå sedimentprøvene under analysar av makroskopiske subfossil. Materialet, som er forkola eller brent, er av høvesvis diasporar, trekol, sopp og brente bein frå ymse kontekst. Mesteparten, dvs. 51 av ¹⁴C-datering er utført ved Nasjonallaboratoriet for datering, NTNU, Trondheim og dei resterande fem ved ¹⁴CHRONO Centre ved Queens University i Belfast, Nord Irland. Resultata er framstilt både med alder BP samt i kalenderår BC/AD kalibrert ut frå alder BP inkludert 2 standardavvik med OxCal v3.9 (Bronk-Ramsey 2003) eller OxCal v4.2 (Bronk-Ramsey 2013), og desse er presentert i figurane 3-10.



Figur 2. Myklebust gnr. 3. Busetnaden før utbygginga og fordelinga av delfelta 1-3 og 6-12. Felta 4 og 5 ligg SV for felta 2, 3 og 6, men utanom dette bildet (Dahl 2014).

3. Resultat

Det undersøkte området som ligg på ei høgd i landskapet med utsyn mot Nordsjøen mot vest og Jåsund mot nord (Fig. 1a og 1b), er delt inn i 12 felt som synt i figur 2. Den arkeologiske granskinga påviste i alt 18 mogelege hus samt ymse strukturar inni og kring desse, så som grøfter, vegggrøfter, graver, tråkk etter husdyr, groper, ardspor, åkerlag og ymse andre kontekst (Dahl 2014; Gil 2012). I det følgjande blir resultatane av analysane av makroskopiske subfossil presentert felt for felt og innan kvart felt etter tilknytning til hus og andre strukturar på feltet.

3.1. Felt 1.

Det er samla inn og flottert 173 sedimentprøver frå dette feltet (Figur 2, Tabell 1). Prøvevoluma varierar mellom 1 og 8,6 liter med eit gjennomsnitt på 3,4 liter, og det ligg føre ymse analytiske resultat frå 70 prøver (Tabell 3, del 1-3). Den arkeologiske granskinga påviste restar av ti mogeleg hus, og det ligg føre analytiske resultat frå høvesvis hus nr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 17 og 18 samt ymse kontekst kring desse. Aktiviteten i og kring husa er dokumentert ved resultatane av analysar av makroskopiske subfossil, trekol og bein og det er utført 22 AMS ¹⁴C-dateringar av utvald prøvematerial som er samla inn. I del følgjande blir resultatane presentert hus for hus etter stigande nummer og deretter blir kontekst utan relasjon til spesifikke hus presentert (Tabell 3, del 1, 2 og 3).

3.1.1. Hus 1

I alt 30 sedimentprøver frå fyllmassen i ymse kontekst innan eller nært relatert til dette huset er analysert (Tabell 3, del 1). Det er utført seks AMS ¹⁴C-dateringar av høvesvis forkola korn og trekol (Figur 3, Tabell 2). Konstruksjonselementa i dette huset er gjort grundig greie for og drøfta av Dahl (2014) og Gil (2016).

Dyrka planter

Dyrka planter er i form av forkola korn som anten er heile eller i form av fragment av varierende storleik. Korn er påvist i 25 av dei i alt 30 analyserte prøvene. Som vist i Tabell 3, del 1 er storparten av desse funna identifisert til korn, medan ein mindre del som var i betre stand kunne identifiserast til slektene havre eller bygg og i nokre tilfelle kunne artane agnekledd bygg og naken bygg skiljast ut. Konsentrasjonen av korn pr. liter sediment er generelt låg, 1-3 korn, men med nokre få unntak

Viltveksande planter nytta til mat

Det er få og spreidde funn av viltveksande matplanter i desse prøvene. Utvalet av typar frå hua 1 omfattar hasselnøtter, krekling samt erter av slektene skolm eller vikke. Alle desse plantene som funne i samband med busetnader av førhistorisk alder er også kjent i dagens vegetasjon i landsdelen.

Eittårige urter

Det er påvist restar av fleire eittårige urter som har det til felles at dei er godt tilpassa veksttilhøva i dyrka mark som årleg blir arda eller påverka av andre typar inngrep. Desse overlever godt i jorda som frø mellom vekstsesongane medan røter på fleirårige planter blir skadd av reiskapsbruk når ein legg åkeren til rette såinga av neste års dyrka plantene. Som vist i Tabell 3, del 1 og 2, er det funne meldestokk, kjertelhønsgras, hønsgras, tungras, linbendel eller vassarve i 18 av desse prøvene. Konsentrasjonen varierer frå prøve til prøve og er i dette tilfellet mellom eitt og 16 funn pr. liter prøvevolum. I nokre prøver er det funn av uforkola diaspora av artar som er vanlege i forkola tilstand, så som meldestokk, kjertelhønsgras og linbendel.

Andre planter

Kategorien andre planter omfattar fleirårige planter og funn som ikkje er identifisert til art, men slekt eller familie der det finst både eitt- og fleirårige artar. Funna omfattar mange slekter så som knegras, soleie og syre samt familiane gras, storr, rublom og kløver. Det vanlegaste funne innan denne gruppa er trekol som er påvist i 26 av prøvene. Treslaga bjørk, hassel, or og selje er identifisert ved vedanatommiske analysar (Amundsen 2010; Storstad 2012).

Sporeplanter

Det er funn av sclerotium av soppen svartgryn i mange av prøvene. Svartgryn lever i jordsmonnet og er avhengig av å finne organisk næring der.

Zoologisk material

Funna av jordfauna er i form av eggkokongar av leddmakk, som er livsformer som lever i jord der det finst næring, og som er viktig for nedbrytinga av organisk material.

¹⁴C-dateringar

Som Tabell 2 og Figur 3 viser ligg det føre resultat av i alt seks ¹⁴C-dateringane frå hus 1. To av desse er av forkola byggkorn (TRa-4044 og 4045) og fire av trekol, høvesvis bjørk, hassel, or og selje (TRa-1686, 1687, 4039 og 4047). Resultata sett under eit ligg innan tidsrommet ca. AD 100-600 (cal. 2 sigma) medan dei to dateringane av korn er rimeleg like og ligg innan tidsrommet AD 400-600 (cal. 2 sigma).

Merknader hus 1

Funna frå hus 1 omfattar planter av mange artar med ulike krav til veksetilhøve. Funna av forkola korn er ikkje svært store, men korn er representert i 25 av dei 30 analyserte prøvene. Det daterte kornet er frå tidsrommet ca. AD 400-600. Det er få typar og små mengder av viltveksande matplanter. Det er funne mange artar av eittårige urter i varierende mengder og dels i både forkola og uforkola stand i ei og same prøve. I prøvene der det finst forkola korn er det til dels, men ikkje alltid eittårige planter, noko som kan tyde på at kornet til dels var vart godt reinsa for åkerugras. Gruppa andre planter omfattar artar, slekter og familiar som vera frå mange vegetasjonstypar. Den vanlegaste typen av makroskopiske subfossil er trekol som er funne i dei fleste prøvene, og fleire typar av lauvved er representert.

3.1.2. Hus 2

Hus 2 er treskipa og i alt 14 sedimentprøver frå fyllmassen i ymse kontekstar innan eller nært relatert til dette huset er analysert (Tabell 3, del 2). Det er utført sju ¹⁴C-dateringar.

Dyrka planter

Forkola korn, anten heile eller i form av fragment av korn er påvist i sju av prøvene. Kornet er korrodert og fragment, og mengdene er små med unntak av 2010/1-156 med 5 korn pr. liter sediment (Tabell 3 del 2). Eit fåtal er identifiserast til slektene havre eller bygg og nokre til agnekledd bygg.

Eittårige urter

Det er funne diasporar av meldestokk, kjertelhønsesgras, hønsesgras, tungras, linbendel og vassarve samt slekta hønsesgras. som er eittårige åkerugras er ikkje svært stor,

Andre planter

Funna er avgrensa til diasporar av smalkjempe samt nokre som ikkje er identifisert til art, slekt eller familie samt trekol av høvesvis or, bjørk og furu.

Sporeplanter

Sclerotium av soppen svartgryn er vanleg representert i analysane frå dette huset.

Zoologisk material

Ein påviste eggkokongar av leddmakk.

¹⁴C-datering

Det er utført sju ¹⁴C-dateringar av prøver frå hus 2 (TRa-1684, 1689, 1690, 4040, 4041, 4042 og 4043) Prøvematerialet til alle desse er trekol av lauvved av høvesvis or eller bjørk samt ei prøve av kvistar av lyng (Tabell 3). Som figur 3 syner ligg resultata av dateringane med eitt unntak innan same tidsrommet som

dateringane frå hus 1, dvs. ca. AD 100-600 (cal. 2 sigma) medan den sjette dateringa til ca. 200 BC-AD er noko eldre .

3.1.3. Hus 3

Ei sedimentprøvene er frå ein kontekst som høyrer til eit mogeleg hus 3 (Tabell 1, Tabell 3, del 2).

Dyrka planter

Det er funn av dyrka planter i form av små mengder av havre og bygg samt fragment av korn i denne prøva.

Eittårige urter

Det er funne diasporar av meldestokk, kjertelhøusegras, høusegras, tungras, linbendel og vassarve samt slekta høusegras i små mengder.

Andre planter

Det diasporar som ikkje er identifisert til art, slekt eller familie samt er trekol identifisert til anten bjørk eller ort.

Zoologisk material

Ein påviste eggkokongar av leddmakk.

¹⁴C-datering

¹⁴C-dateringa (TRa-1683) gav resultatet 800-1000 BC (Figur. 3, Tabell 2), noko er ein langt høgare alder enn fleirtalet av dateringar frå felt 1, bortsett frå dateringane frå hus 18 (sjå 3.1.8).

3.1.4. Hus 4

Hus 4 er eit lite og enkelt hus konstruert med fire hjørnestolpar (Dahl 2014). Det er samla inn sedimentprøver frå fyllmassen i alle stolpehola og det er utført analysar av makroskopiske subfossil i ei av desse, 2010/01-59 (Tabell 3, del 2).

Andre plante

Det er funn av diasporar som ikkje er identifisert til art, slekt eller familie og sortert ut ei prøve av trekol som er har identifisert til bjørk (Tabell 3, del 2)

¹⁴C-datering

Det er utført ¹⁴C-dateringa (TRa-1682) av ei prøve av trekol av bjørk frå hus 4, og denne gav resultatet AD 100-350 (cal., 2 sigma) noko som stemmer med fleirtalet av dateringar frå felt 1. (Figur. 3, Tabell 2).

3.1.5. Hus 5

Hus 5 er representert av data frå ei prøve på 3,7 liter (2010/01-47) frå fyllmassen i stolpeholet 2787 (Tabell 3, del 2).

Andre plante

Det er identifisert trekol av osp (Tabell 3, del 2).

Zoologisk material

Ein påviste eggkokongar av leddmakk.

¹⁴C-datering

Det er utført ¹⁴C-dateringa (TRa-168, Tabell 2) av ei prøve av trekol av osp frå hus 5, og denne gav resultatet til tidsrommet AD 200-500 (cal. 2 sigma) noko som stemmer med fleirtalet av dateringar frå felt 1. (Figur 3, Tabell 2).

3.1.6. Hus 6

Av dei fire flotterte prøvene tilknytt hus 6 er to prioritert til analyse (2010/01-89 og 90), begge er frå fyllmassen i stolpehol for takstolpar, høvesvis 5958 og 5892(Figur. 3, Tabell 2).

Dyrka planter

Små mengdene av uspesifisert korn og kornfragment er påvist i ei av prøvene.

Viltveksande matplanter

Viltveksande matplanter er representert av små mengder fragment av hasselnøttskall.

Eittårige urter

Vassarve er funne i små mengder i begge prøvene.

Andre planter

Det er påvist nokre få diasporar av gras samt av diasporar som ikkje er identifisert til art, slekt eller familie. Av trekol er noko er av lauvtre, men ikkje identifisert til art eller slekt.

Sporeplanter

Sclerotia av soppen svartgryn er påvist i ei av prøvene.

Zoologisk material

Ein påviste eggkokongar av leddmakk.

¹⁴C-datering

Det er utført ¹⁴C-datering av ei prøve frå hus 6 (TRa-1685) av trekol av uspesifisert lauvtre, og denne dateringa gav resultatet AD 100-350 (cal. 2 sigma) noko som stemmer med fleirtalet av dateringar frå felt 1 (Figur. 3, Tabell 2).

3.1.7. Hus 17

Det er utført analysar av makroskopiske subfossil frå fire prøvene tilknytt hus 17, og alle desse frå fyllmassen i stolpehol for takstolpar (Tabell 3, del 2).

Dyrka planter

Det er påvist dyrka planter i tre av dei fire prøvene, anten bygg, uspesifisert korn eller små mengder fragmentert korn.

Viltveksande planter nytta til mat

Funna er avgrensa til hasselnøtteskal av og diaspore av krekling.

Eittårige urter

Det er til saman funn av både tungras, linbendel og vassarve dette huset, i generelt små mengder. 2010/01-322 skil seg ut ved innhald av alle tre artane.

Andre planter

Småsyre og gras er påvist saman med diasporar som ikkje er identifisert til art, slekt eller familie. Det er til dels rikelege mengder med trekol i alle prøvene.

Sporeplanter

Det er funn av sclerotia av svartgryn i alle desse prøvene.

Zoologisk material

Eggkokongar av leddmakk er påvist.

¹⁴C-dateringar

Ein prioritert ikkje å utført ¹⁴C-datering frå hus17.

3.1.8. Hus 18

Dei tre analyserte prøvene tilknytt hus 18 som alle av material avsett i eller ved ein luftekanal (Tabell 3, del 2).

Dyrka planter

Det er korn i to av dei tre prøvene frå huset. Mengdene er små, men det er korn av havre, bygg der eitt korn er identifisert til naken bygg samt uspesifisert korn og i tillegg fragment av korn.

Viltveksande matplanter

Viltveksande matplanter er representert av eitt funn av bringebær.

Andre planter

Funna er består av nokre få diasporar som ikkje er identifisert art, slekt eller familie samt trekol identifisert til or.

Sporeplanter

Sclerotia av den jordbuande soppen svartgryn er påvist i to av prøvene.

Zoologisk material

Det er eitt funn av eggkokong av leddmakk.

¹⁴C-datering

Det er utført tre ¹⁴C-datering, ei frå kvar av prøvene. Som vist i figur 3 er to er av korn, høvesvis TRA-4065 og 4066, medan TRA-4067 av er trekol av or. Kalibrert alder for alle desse ligg innan tidsrommet 1400-1700 BC (cal. 2 sigma), og er så å seie identiske. Resultata tyder på at hus 18 høyrer til den eldste datert busetnaden på Myklebust.

3.1.9. Ymse strukturar kring husa på felt 1

Innimellom husa på felt 1 fanst ei ferdselsåre i form av eit tråkk tolka som spor etter husdyrferdsel mellom gardshusa og utmarka. Ferdselsåra er påvist frå austre langvegg av hus 1 og fører sørover under dagens Myklebustveg og inn på felt 7. I tillegg er fleire groper tolka som høvesvis graver, kokegroper og eldstader. Det er analysert i makroskopiske subfossil frå i alt 14 av desse kontekstane, fordelt med fem prøver av sedimenta avsett i tråkket og ni prøver frå kontekst tolka som tilhøyrande graver (Tabell 3, del 3). To AMS ¹⁴C-dateringar er begge frå dyretråkket (Figur 4, tabell 2).

Dyrka planter

Det er påvist korn og/eller kornfragment i 11 av dei 14 prøven. Kornet identifisert til art eller slekt er av bygg og havre, og noko byggkorn er av agnekledd bygg (2010/01-330 og 332).

Viltveksande planter nytta til mat

Frekvensen av viltveksande matplanter er langt lågare enn for korn. Hasselnøtt, krekling, mjølbær og villerter av anten skolm eller vikke er påvist spreidd og i små mengder.

Eittårige urter

Spreidde funn og små mengder av artane hønsegras, linbendel og meldestokk er påvist, og av linbendel er funna både forkola og uforkola.

Andre planter

Det er nokre funn av diasporar som ikkje er identifisert til art, slekt eller familie, medan det vanlegaste funnet innan denne gruppa er trekol i mengder som varierer frå prøve til prøve. Vedanatomiske analyser har påvist trekol av lauvved av slektene bjørk eller or som er nytta til prøve for ¹⁴C-datering (Figur 4).

Sporeplanter

Sclerotium av den jordbuande soppen svartgryn er påvist i mange av prøvene og i tildels rikelege mengder.

Zoologisk material

Eggkokongar av leddmakk frå ulike kontekst spreidd over felt 1 er påvist i små mengder.


¹⁴C-datering

Det er utført to ¹⁴C-dateringar (TRa-4088 og 4964) av høvesvis trekol frå øvste del og korn frå nedste del av materialet avsett i tråkket, og det er stor skilnad i alder mellom desse to dateringane (Tabell 3, del 3, Tabell 2 og Figur 4). Årsaka er mest truleg at prøvematerialet til TRa-4064 er avsett under den eldste bruksfasen som i tid fell saman med alderen på fleirtalet av husa på felt 1 (Figur 3 og 4), medan TRa-4088 er frå sedimenta avsett etter at denne ferdelsåra gjekk ut av bruk, då husdyra nytta andre ferdelsveggar mellom garden på felt 1 og beitemarka på felt 7 (Figur 2).


Merknader

I alt 169 sedimentprøvene er analysert, og desse er frå kontekst så som stolpehol og eldstader både innan og kring husa samt ymse groper tolka som graver, kokegroper og eldstader og i tillegg eit tråkk etter husdyrferdsel i SA delen av feltet. Det er funn av dyrka planter, viltveksande matplanter, eittårige urter, fleirårige urter, forveda planter så som ymse treslag, buskar og lyng samt sporeplanter. Mesteparten av desse funna er forkola og noko som for ein stor del i såpass dårleg stand at det synte seg vanskeleg å identifisere dei til slekt og art, men det har lukkast i nokre tilfelle. Eittårige urter er generelt ujamnt representert, men særleg rikt representert i ei av prøvene. Av dyrka planter er det korn av havre og bygg og fragment av korn. Mange eittårige urter veks som ugras på dyrka mark, og slike funn dannar tette band til dyrking jamvel der ein ikkje finn dyrke planter. Den vanlegaste typen av botaniske makroskopiske subfossil er trekol som er tilstade i omlag alle prøvene, men i ulike mengder. Som vist i tabell 3 og hos Amundsen (2010) og Storstad (2012) er det påvist mange treslag og forveda planter. Det er også funn av zoologisk material, og den vanlegaste av desse er eggkokongar av leddmakk som er del av den jordbuande faunaen. I tillegg er det spreidde funn av bein og insekt. Eit utval av makroskopiske subfossil er nytta som prøvematerial til i alt 22 AMS ¹⁴C-dateringar. Dateringsprøvene til 17 av desse er trekol av lauvved, fire av korn og ei av lyng. Frå hus 1 og 18 er både korn og trekol datert, men valet av ulike materialtypar har ikkje medført signifikante avvik mellom resultatata. Dateringsresultata (Figur 3) syner at menneska sine inngrep på felt 1 i hovudsak er frå tidsrommet AD 100-600, men med unntak for stolpehola knytt til hus 18 som er frå tidsrommet 1700-1400 BC (cal. 2 sigma). I følge Dahl (2014) ser det ut til at det var eit kompleks av små og store bygningar på felt 1. Dei største husa, så som hus 1, 2 og 5 var treskipa medan hus 4 og 17 var små med reisverk av fire stolpar hjørnestolpar. I tillegg fanst ei rad fragmentariske spor så som einskilde stolpehol og andre kontekstar som kan høyre til hus. Det er analytiske data frå åtte meir og mindre sikre hus, og av desse er fire treskipa, innbyrdes parallelle og orientert med lengdeaksen NV-SA og SA (Dahl 2014).

Atmospheric data from Stuiver et al. (1998) ; OxCal v3.9 Bork Ramsey (2003) ; oxb:4sd12prob usq[chron]



Figur 3. AMS ¹⁴C-dateringar frå felt 1, husa 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 18. Dateringsnummer, hus, prøvemateriale samt alder i ¹⁴C-år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne er plot som syner alderen BP etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).



Figur 4. AMS ^{14}C -dateringar frå dyretråkket felt 1. Dateringsnummer, kontekst, prøvematerial samt alder i ^{14}C -år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne er plot som syner alderen BP etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

3.2. Felt 2

Felt 2 (Figur 2) som er det minste av utgravingsfelta, er dominert av Alvasteinen som er ei svært stor, todelte steinblokk omgjeven av ymse strukturar tolka som kokegropar, eldstader samt ein mødding (Gill 2012). Det er i alt samla inn og flottert 11 sedimentprøver frå ymse kontekst kring denne steinen. Ti av prøvene er analysert og resultatane er presentert i tabell 4. Prøvevolum for dei analyserte prøvene varierer mellom 1,8 og 5 liter med eit gjennomsnitt på ca. 3,5 liter.

Dyrka planter

Det er påvist korn og/eller kornfragment i to av prøvene, og kornet identifisert til slekt er av bygg (2010/01-21 og 139). Kornet i ei av prøvene er nytta som prøvematerial til ^{14}C -datering, og resultatet blir drøfta under dateringane.

Viltveksande planter nytta til mat

Funna av viltveksande matplante er i form av forkola skal av hasselnøtt, og mengdene er minimale bortsett frå i nedre del av møddingen (2010/01-140) der funne er noko rikare (Tabell 4).

Eittårige urter

Av eittårige urter er det påvist meldestokk og hønsesgras i både forkola og uforkola tilstand samt slekta då. Funna er fordelt på eit fåtal prøver og er generelt skrinne.

Andre planter

Det er funn av diasporar av fleire urter av slekter og familiar som kan vekse på ymse typar av mark og som kan vera eittårige eller fleirtårige. Artane tiggarsoleie og småsyre er representert i tillegg til slektene mure, soleie, gras og størr. Av desse skil størr seg ut med rike funne i prøva 2010/01-22 der alle dei andre nemnde artane og slektene også er representert. I tillegg er det funne diasporar som ikkje er identifisert til art, slekt eller familie. Den vanlegaste typen av makroskopiske subfossil er trekol som er tilstades i alle prøvene, og av dette er treslaga bjørk og osp eller selje identifisert.

Sporeplanter

Sclerotium av soppen svartgryn er påvist i dei fleste prøvene, men i noko varierende mengder.


Zoologisk material

Det er eitt funn av eggkokongar av leddmakk frå felt 2.

^{14}C -datering

Der er utført tre ^{14}C -dateringar av forkola korn av bygg og trekol av høvesvis bjørk og selje/osp. Som vist i figur 5 er korn (TRa-1688) og trekol av osp/selje (TRa-4046) frå tidsrommet 2000-2300 BC og av så å

seie identisk alder, medan trekolet av bjørk (TRa-1680) er frå tida 400-200 BC og dermed langt yngre. Ein bør også merke seg at datering av bygg viser spor etter agrar påverknad på Myklebust attende i tid til yngre steinalder.



Figur 5. AMS ^{14}C -dateringar frå ymse kontekst kring Alvasteinen på felt 2. Dateringsnummer, prøvematerial samt alder i ^{14}C -år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne plot som syner alderen BP kalibrert med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

Merknader

Som det går fram av tabell 4 er innhaldet av makroskopiske subfossil generelt skrint med unntak av trekol som det er varierende mengder av i alle prøvene. Funn av korn som er gjort her og har alder innan tidsrommet 2000-2300 BC er ikkje vanleg korkje i Rogaland eller andre delar av landet.

3.3. Felta 3, 4 og 5

Desse felta er ikkje prioritert til innsamling av prøver til analysar av makroskopiske subfossil.

3.4. Felt 6

Frå felt 6 er det er samla inn og flottert fem sedimentprøver og fire av desse er analysert. Prøvevoluma varierer mellom 2 og 3 liter med gjennomsnitt på ca. 2,2 liter. Prøvene er frå fyllmassen i to stolpehol, 4755 og 5618, samt to groper, tolka som kokegroper, 3467 og 5642 (Tabell 1 og 7) og det er utført ei ^{14}C -datering (Figur 6, Tabell 2).

Dyrka planter

Det er funn av korn i to av prøvene, høvesvis frå ei kokegrop og eitt stolpehol (2010/01-02 og 04) og begge funna er i form av fragmentert korn.

Viltveksande planter nytta til mat

Funna av viltveksande matplanter er avgrensa til fragment av forkola hasselnøttskal, og alle funna er frå kokegroper.

Eittårige urter

Av eittårige urter er det funne meldestokk, linbendel og vassarve. Funna er spreidd og mengdene generelt små med unntak for vassarve i prøva frå fyllmassen eit av stolpehola, kontekst 4755 (2010/01-5).

Andre planter

Denne gruppa er representert av trekol, og funn frå ei av kokegroperne er identifisert til or og nytta til prøvematerial for ei ^{14}C -datering.

Sporeplanter


Sclerotiea av soppen svartgryn er påvist i alle prøvene, men i noko varierende mengder.

Zoologisk material

Det er eitt funn av eggkokongar av leddmakk frå felt 6.

¹⁴C-datering

Ei ¹⁴C-datering av trekol av or er frå kokegrop 5642 (2010/01-2), og som ein ser av figur 6 er kalibrert alder for denne innan tidsrommet ca. 1430-1120 BC.



Figur 6. AMS ¹⁴C-datering frå kontekst 5642 på felt 6. Dateringsnummer, felt, prøvematerial samt alder i ¹⁴C-år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for er denne plot som syner alderen BP etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

3.5. Felt 7

Totalt er feltet representert av resultat av analysar av makroskopiske subfossil i 72 prøver frå ulike kontekst i og utanom husa 8, 9 og 13 (tabell 5, del 1, 2 og 3). I tillegg er det utført analysar av mikroskopiske subfossil i seks prøver frå ein jordprofil (sjå Overland 2012). Tilhøvet mellom lokaliseringsa av prøvene til analysar av høvesvis makroskopiske og mikroskopiske subfossil i jordprofilen går fram av figur 8. Volumet av jordprøvene til analyse av makroskopiske subfossil varierar mellom 0,5 og 6,0 liter med eit gjennomsnitt på ca. 3,5 liter medan prøvene til mikrofossilanalyse er 1 cm³. Resultata av analysane er presentert i tabell 5, del 1, 2 og 3. Det er utført 17 ¹⁴C-dateringar av prøver av korn, hasselnøttskal, trekol av høvesvis bjørk, hassel og or, samt brent bein og sopp frå ymse kontekst i og kring husa, og resultata av desse er presentert i tabell 2 samt figurane 7 og 8.

3.5.1. Hus 8

Sju prøver er analysert, og resultata går fram av figur 7, tabell 2 samt tabell 5, del 1.

Dyrka planter

Det er påvist korn i to prøver, og den eine av desse (2010/01-268) som er frå ein kontekst som truleg er eit antropogent sediment avsett innan hus 8 skil seg frå alle andre prøver frå Myklebust ved ein konsentrasjon av korn på sju korn/pr. liter sediment, noko som er uvanleg mykje på denne lokaliteten.

Andre planter

Funna er diasporar er elles minimale og består av gras, kløver og soleie (2010/01-264, 266 og 268) samt slike som ikkje er identifisert til art, slekt eller familie. Vidare er det trekol i alle prøvene, og dei vedanatommiske analysane har påviste treslaga bjørk og hassel.

Sporeplanter

Små mengder sclerotia av soppen svartgryn er påvist i alle prøvene.

Zoologisk material

Det er eitt funn av eggkokongar av leddmakk.

AMS ¹⁴C-datering

Det er utført tre dateringar, av høvesvis uspesifisert korn samt trekol av bjørk og hassel. Som vist i figur 7 ligg resultatata for desse dateringane tett og innan tidsrommet 1300-1500 BC (cal. 2 sigma), som er den eldre delen av bronsealderen, og saman gjev dei ei rimeleg presis datering av huset.

3.5.2. Hus 9

Sju prøver, alle frå fyllmassen i stolpehol i huset, er analysert og resultatata presentert i Tabell 5, del 1.

Dyrka planter

Funna er skrinne og består av eitt heilt byggkorn i 2010/01-200 og kornfragment i denne prøva samt i 2010/01-198 og 199.

Viltveksande planter nytta til mat

Funna er avgrensa til fragment av hasselnøttskal i ei prøve.

Eittårige urter

Funna er skrinne og består av meldestokk og tungras.

Andre planter

Denne plantegruppa er representert med minimale mengder i fem av dei sju prøvene frå hus 9, og funna består av arten smalkjempe slektene mure, soleie og størr. Trekol er til stades eller rikeleg i alle prøvene og noko av dette er identifisert til bjørk.

Sporeplanter

Det er funn av sporeplanter i form av små mengder av sclerotia av svartgryn i alle prøvene.

Zoologisk material

Det er eitt funn av eggkokongar av leddmakk i alle utanom ei prøve.

¹⁴C-datering

Det er utført tre ¹⁴C-dateringar (Figur 7, tabell 2), og som figuren viser er resultatata spreidd over tidsrommet AD100-800 (cal. 2 sigma). Desse resultatata er ikkje er presis nok som grunnlag til å datere hus 9, men tidfestar ymse spor etter aktivitet på staden.

3.5.3. Hus 13

Av dei 16 analyserte prøvene frå hus 13 er 15 frå fyllmassen i stolpehol for ymse typar av stolpar i reisverket til huset medan ei prøve er frå eit sediment avsett rett utanfor husveggen (Tabell 5 del 1).

Dyrka planter

Det er funn av korn i seks prøver, og av desse er fem frå fyllmassen i stolpehola medan den sjette er frå utsida av huset. Av heile korn er høvesvis to av bygg og eitt av uspesifisert korn. I tillegg er det nokre funn av kornfragment, men sett under eitt er mengdene av korn må.

Viltveksande planter nytta til mat

Av desse er det funn av hasselnøttskal, ertar av skolm eller vikke samt diaspore av bærlyng.

Eittårige urter

Utvalet av eittårige urter av i alt sju artar eller slekter. Meldestokk og linbendel er representert i flest prøver og i tillegg er det funn av hønsegras, tungras, engkall, grasstjerneblom og vassarve. Funna av engkall,

grasstjerneblomen og meldestokk er alle forkola medan funn av hønsegras, linbendel og vassarve var i både forkola og uforkola stand og tungras berre forkola.

Andre planter

Av desse er det åtte artar eller slekter, fordelt på artane slyngsøtvier, småsyre og vinterkarse, slektene siv, maure, mure samt grasfamilien. Det er funn av både forkola og uforkola material. Det er trekol i alle prøvene og noko av dette er identifisert til bjørk.

Sporeplanter


Det er funn av sporeplanter i form av små mengder av sclerotia av svartgryn i fleirtalet av prøvene.

Zoologisk material

Det er funn av eggkokongar av leddmakk samt insekt i eit fåtal av prøvene.

¹⁴C-dateringar

Som figur 7 syner, er resultatane av ¹⁴C-dateringane frå husa spreidd over eit tidsrom som strekkjer seg frå 1500 BC til AD 800. Dei tre eldste dateringane ligg innan tidsrommet 1500-1200 BC, og alle desse som er frå hus 8 samsvarar godt og gjev grunnlag for å datere dette huset til bronsealder. For både hus 9 og 13 ligg dateringane meir spreidd. Hus 9 har dateringane innan tidsrommet mellom ca. 0 BC/AD og 800 AD medan det er større skilnad mellom dateringane for hus 13 som ligg mellom 800 BC og AD 800. Dateringane frå husa 9 og 13 dannar dermed ikkje grunnlag for å nærare datering av desse husa. Dei samla resultatane syner spor etter busetnad på felt 7 attende til bronsealder (Figur 8).



Figur 7. AMS-dateringane frå felt 7, husa 8, 9 og 13. Dateringsnummer, hus, prøvematerial samt alder i ¹⁴C-år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne er plot som syner alderen BP etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

3.5.4. Graver, groper, stolpehol og ymse kontekst utan kopling til særlege hus samt rydningsrøys på felt 7

Det er analysert makroskopiske subfossil i til saman 49 prøver frå eit utvalet av kontekst kring husa, mellom anna eit jordprofil gjennom ei rydningsrøys der det som før omtala også er utført seks analysar av mikroskopiske subfossil.

Dyrka planter

Det er påvist korn i åtte av prøvene utanom husa på felt 7. Mesteparten av funna er uspesifiserte korn eller kornfragment, men det er einskildfunn av både bygg, havre og kveite, og dei to siste typene berre i prøvene frå rydningsrøysa (Tabell 5 del 2).

Viltveksande planter nytta til mat

Som vist i tabell 7 del 2 er utvalet av viltveksande matplanter er stort i desse prøvene, av bær både artane mjølbær, bringebær, krekling, jordbær samt nokre frå slekta *Rubus* som kan vera anten bringebær eller bjørnebær, og uspesifisert bærlyng, som kan vera av tytebær, blåbær eller blokkebær. Alle desse bærslaga kan ha vore utnytta både til mat og medisin. I tillegg er det funn av hasselnøtskal og erter som kan vera skolm eller vikke. Mengdene er små og ingen prøver skil seg ut med mange artar.

Eittårige urter

Av eittårige planter er det eit utval som er nært knytt til åkerbruk og område der jorda blir omrota ofte. Funna av artar her er meldestokk, linbendel og vassarve, og av linbendel både i forkola og uforkola tilstand. I tillegg er det funn av slektene høsegras og tungras. Heller ikkje desse opptre i store mengder.

Andre planter

Av planter som er fleirårige eller ikkje er identifisert til art, slekt eller familie er det mange ulike og også funn av både forkola og uforkola av same art, så som . Mellom desse er det funn av trekol av treslaga eik, bjørk, or og hassel.

Sporeplanter

Det uvanleg i nokre av prøvene frå felt 7 er at mengdene av sclerotia til dels er svært store samanlikna med andre funn både på felt 7 og dei andre felta frå Myklebust. Ein årsak kan vera at det var god næringstilgang for denne soppen i jorda i gravfeltet. Etter det eg veit er svartgryn robust og kan bli bevart når anna organisk material har gått tapt. I dette tilfellet fanst så store mengder av sclerotia at det vart nok til ei prøve til ¹⁴C-datering.

Zoologisk material

Det er funn av eggkokongar av leddmakk samt brente bein. Delar av beina som kan vera frå graver er nytta til dateringsprøver (Figur 8).


¹⁴C-datering

Det er utført åtte ¹⁴C-dateringar frå felt 7 av høvesvis korn, trekol, sopp og bein (Figur 9, tabell 2). Dateringsresultata er spreidd over eit tidsrom på ca. 2400 år, frå eldre bronsealder til yngre jernalder, med tyngdepunkt i yngre jernalder frå AD 200-900 (cal. 2 sigma). Dateringane av korn av høvesvis Fire prøver av brente bein er datert til tidsrommet ca. 550-800 AD, noko som er godt samsvar i alder og også daterar gravfeltet på staden.


Merknader

Ingen av prøvene frå husa 8, 9 og 13 er rike på makroskopiske subfossil, men det er funn av både dyrke og viltveksande matplanter, planter som veks i dyrk mark og på andre opne område samt trekol. Det er spreidde funn av korn av havre, kveite, uspesifisert korn og kornfragment. Dateringane av byggkorn frå hus 8 vist i figur (TRa-4057) til ca. 1400-1200 BC er mellom dei eldste frå felt 7. Funna i rydningsrøysa av korn

og dateringane av desse vist i figur 8 av høvesvis kveite (TRa-4130) og havre (TRa-4131) frå lag der det også er pollen av korn (Overland 2012), tyder på dyrking ved eller nær røysa skjedde langt seinare enn utnyttinga av kornet funne i hus 8 (Figur 7, TRa-4057). I røysa er det også funn av sopp og leddmakk, og begge desse livsformene lever i jorda og er avhengige av å finne næringa si der. Næringa kan i dette tilfellet vera tilført både gjennom tilførsel av gjødsel til dyrkamarka og også frå gravene på gravfeltet på felt 7. Som figur 7 syner, er resultatane av ¹⁴C-dateringane frå husa spreidd over eit tidsrom som strekkjer seg frå 1500 BC til AD 800. Dei tre eldste dateringane ligg innan tidsrommet 1500-1200 BC, og alle desse som er frå hus 8, samsvarar godt og gjev grunnlag for å datere dette huset til bronsealder. For både hus 9 og 13 ligg dateringane meir spreidd. Hus 9 har dateringar innan tidsrommet mellom ca. 0 BC/AD og 800 AD medan det er endå større skilnad mellom dateringane for hus 13 som ligg mellom 800 BC og AD 800. Dateringane frå hus 9 og 13 dannar dermed ikkje grunnlag for å nærare datering av desse husa. Dei samla resultatane ber spor etter busetnad på felt 7 attende til bronsealder (Figur 8).



Figur 8. Snitt gjennom rydningsrøysa i profilveggen mot A-SA på felt 7. Uttak av prøver til analysar av høvesvis makroskopiske, 275-277 og 284, og mikroskopiske subfossil, 278-283. Prøvene 2010/01, 273 og 274 er ikkje markert å figuren. Foto: T. Gill. AM UiS.



Figur 9. AMS-dateringar frå ymse kontekst utanom husa på felt 7. Dateringsnummer, prøvematerial samt alder i ^{14}C -år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne er plot som syner alderen BP etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

3.6. Felt 8

Totalt er det samla inn og flottert 43 sedimentprøver frå dette feltet. Den arkeologiske granskinga påvist fem hus, høvesvis 10, 11, 14, 15, 16, og prøvene er samla i eller mellom desse husa (Tabell 1). Volumet av dei 18 prøvene prioritert for analysar varierar mellom 0,7 og 5,3 liter med eit gjennomsnittleg på ca. 3,6 liter (Tabell 6).

3.6.1. Hus 10

Åtte sedimentprøver, alle frå fyllmassen i stolpehol dette huset er analysert. Det er utført to AMS ^{14}C -dateringar av forkola trekol (Figur 9, Tabell 2 og 6).

Dyrka planter

Det er funn av korn i form av fragment i to av prøvene.

Andre planter

Det er eitt funn av smalkjempe i ei prøve og nokre få diasporar som ikkje er identifisert til art, slekt eller familie i fire av desse. Det er trekol nok til identifisering av treslag i alle desse prøvene, og treslaga bjørk, eik, hassel og or er påvist.

Zoologisk material

Det er funn av eggkokongar av leddmakk i vel halvparten av prøvene.

^{14}C -datering

Det er utført to ^{14}C -dateringar av trekol av høvesvis or og hassel frå hus 10, høvesvis UBA nr. 21955 og 21956, og resultatata presentert i figur 9 syner er det svært godt samsvar mellom dateringsresultata som alle fell innan tidsrommet ca. 1200-1000 BC.

3.6.2. Hus 11

Som vist i tabell 1 er fire prøver flottert, men ingen av disse er prioritert for analyser.

3.6.3. Hus 14

Prøver fra fyllmassen i to stolpehol knytt til dette huset er analysert.

Dyrka planter

Det er funne korn i begge prøver, av høvesvis uspesifisert korn og kornfragment i begge og i tillegg korn av bygg i 2010/01-313. Mengdene er små i begge prøvene.

Viltveksande planter nytta til mat

Det einaste funnet av viltveksande matplanter er av bringebær, også i 2010/01-313.

Eittårige urter

Funnet av tungras er fra prøva der det også fanst bringebær.

Andre planter

Det er funn av diasporar som ikkje er identifisert til art, slekt eller familie i begge prøvene. Mengdene av trekol er reik, og identifiseringa som er utført påviste or i ei prøve.

Sporeplanter

Sclerotia av soppen svartgryn er påvist i små mengder i begge prøvene

Zoologisk material

Det er eitt funn av eggkokongar av leddmakk.

¹⁴C-datering

Tre ¹⁴C-dateringar er fra hus 14, to (TRa-4061 og 4062) er fra 2010/01-314 og av høvesvis uspesifisert korn og trekol og ei (TRa-4060) av korn av bygg er fra 2010/01-313 (Figur 9). Resultata er fordelt over tidsrommet ca. 1500-1150 BC (cal. 2 sigma). Både den eldste og yngste av dateringane er av korn.

3.6.4. Hus 15

Tre prøver fra ymse kontekst er analysert (Tabell 6). Det er funn av korn i to prøver og det er utført tre ¹⁴C-dateringar. Prøvematerialet til datering i to prøver er korn og den tredje trekol.

Dyrka planter

Funna av uspesifisert korn er fra høvesvis 2010/01-311 og 312.

Eittårige urter

Det er eitt funn, av linbendel i 2010/01-315.

Andre planter

Det er nokre få funn som fell innan denne gruppa, men ingen bortsett fra trekol av bjørk i 2010/01-315 er identifisert til slekt eller art.

Sporeplanter

Små mengder sclerotia av svartgryn er funne i alle prøvene

Zoologiske material

Det er eitt funn av eggkokongar av leddmakk fra felt

¹⁴C-datering

Tre dateringar er av høvesvis korn (TRa-4058 og 4059) og trekol av bjørk (TRa-4060). Som figur 9 viser ligg resultatata av alle dateringane innan tidsrommet ca. 1450-1120 BC, og dateringane av korn, som er så og seie identiske, innan 1450-1250 BC.

3.6.5. Hus 16

Fire prøver , 2010/01-291-294, er flottert og alle er analysert, men ingen ¹⁴C-dateringar er utført grunna mangel på relevant prøvematerial (Tabell 2 og 6).

Dyrka planter

Det er funn av kornfragment i to prøver.

Viltveksande planter nytta til mat

Funnet er avgrensa til fragment av hasselnøttskal i 2010/01-291.

Eittårige urter

Det einaste funnet er tungras, også i 2010/01-291.

Andre planter


Funna som er avgrensa er av smalkjempe og uspesifiserte uspesifiserte planter.

Sporeplanter

Sclerotier av svartgryn er påvist i alle prøvene

Zoologiske material

Det er funne av eggkokongar av leddmakk i to av dei fire prøvene.



Figur 9. AMS-dateringar frå felt 8 og kontekstar tilknytt hus 10, 14 og 15. Dateringsnummer, hus, prøvematerial samt alder i ¹⁴C-år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne er plot som syner alderen BP etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

3.7. Felt 9

Det er påvist eitt hus, hus 7, dette feltet, og det er analysert seks prøve frå fyllmassen i fem stolpehol frå dette og utført tre ¹⁴C-datering (Figur 6, Tabell 2 og 7). Prøvevolumet av dei analyserte prøvene varierer mellom 5,0 og 5,9 liter og med gjennomsnitt på ca. 5,6 liter.

3.7.1. Hus 7

Ingen makroskopiske subfossil av dyrka planter eller viltveksande matplanter er påvist ved analysane av i alt seks prøver frå fyllmassen i stolpehol i hus 7.

Eittårige urter

Funna av eittårige urter er frå prøvene 2010/01-175 og 176 som begge er frå kontekst 25040 og er dominert av uforkola diasporar. Utvalet av artar samt mengdene er store samanlikna med funna frå andre felt, og årsaka er funna av uforkola diasporar av artane meldestokk, linbendel, tungras og vassarve saman med forkola diasporar i små mengder av uspesifisert melde, hønsegras og arve.

Andre planter

Det er funne av maure, smalkjempe og knegras samt uforkola kløver i dei same prøvene som også prøvene var rike på eittårige artar. Vidare er det funn av trekol i alle prøvene, og noko av dette er identifisert ved vedanatometiske som har påvist påviste høvesvis or og hassel.

Sporeplanter

Sclerotia av svartgryn er påvist i alle prøvene.


Zoologiske material

Det er ingen funn av zoologisk material i prøvene frå felt 9.

¹⁴C-datering

Det er utført tre dateringar frå hus 7 av trekol av høvesvis or og hassel (Figur 10, tabell 2).

Resultata av dateringane tyder på at hus 7 er frå tidsrommet ca. 2000-1500 BC, altså eldre bronsealder.



Figur 10. AMS-dateringar frå kontekst på felt 9 tilknytt hus 7. Dateringsnummer, hus, prøvematerial samt alder i ¹⁴C-år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne er plot som syner alderen BP etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

3.8. Felt 10

Felt 10 ligg NV for felt 1 (Figur 2), og prøvene til analyse er frå jordprofilen. Analysane utført av arkeobotanikar Sara Westling, AM UiS, av makroskopiske subfossil i fem prøver blir presentert og drøfta her medan Overland (2012) presenterar og drøftar resultata av analysane av mikroskopiske subfossil så

som pollen og sporar i ni prøver. Lokaliseringa av prøvene for ulike analysar går fram av figur 11. For dei analyserte prøvene er gjennomsnittleg prøvevolum ca. 2,9 liter.

3.8.1. Åkerprofil ved rydningsrøys

Dei analyserte prøvene frå felt 10 er alle frå eit jordprofil ved ei rydningsrøys som kom til syne i feltgrensa mot SA. Tilhøvet mellom dei ulike sedimentlaga og prøvene går fram av figur 11 og innhaldet av makroskopiske subfossil av tabell 7.

Dyrka planter

Det er funn av korn,, der noko er identifisert til bygg eller agnekledd bygg samt kornfragment i laga 1 og 3, høvesvis i prøvene 2010/01-249 og 251. (Figur 11, tabell 7). I desse laga er det også funne pollen av korn, høvesvis kveite og bygg i lag 1 og bygg i lag 3 (Overland 2012).

Eittårige urter

Slekta hønsegras er påvist i prøva frå lag 1, men elles er det ingen funn av diasporar av eittårige urter (Figur 11), medan analysane av mikroskopiske subfossil påviste pollentypar som kan knytast til åkerbruk (Overland 2012).

Andre planter

Det er ein god del del trekol i lag 1-3, men mengdene minkar sterkt i laga under, og det same gjeld for mengdene av mikroskopiske trekolfragment som er generelt stor i laga 1-3, men noko ulik frå prøve til prøve innan eit og same lag som vist hos Overland (2012).

Sporeplanter

Det er sclerotia av soppen svartgryn i laga 1-3 og også i naturbakken. I lag 1 påvist Overland (2012) sporar av sopp som veks på møkk, noko som tyder på at åkeren var gjødsla.


Zoologiske material

Det er eitt funn av eggkokongar av leddmakk i lag frå felt 10.


¹⁴C-datering

Det er utført to ¹⁴C-dateringar (figur 11 og 12), begge på prøver av bygg som saman gjev innsyn i dyrkingshistorikken på staden. Den eldste (TRa-4129) er frå lag tre og syner dyrking attende til 1100-800 BC medan den yngste (TRa-4128) frå lag 1 syner at dyrkinga heldt fram i AD 100-250.

Ei samanlikning mellom resultatane av analysane av makroskopiske og mikroskopiske subfossil (Overland 2012) syner at det er stor skilnad i mengdene av dei respektive typane. Det synes å vera langt større potensial for funn av mikroskopiske enn makroskopiske subfossil i åkrar. På lokalitetar der strategien for arkeologiske undersøkingar er fflateavdekking går ein utan tvil glipp av kunnskap om det yngste tidsrommet, som ikkje blir fanga opp etter at reisverk med vertikale stolpar gjekk ut av bruk og ikkje lengre etterlet nedgravingar som dannar «feller» for restar av planter og dyr. Som Dahl (2016) peikar på kan jakta på spora av den eldste dyrkingsaktivitet gå på kostnad av kunnskap om framhaldet fram mot vår tid, som kan dreie seg om fleire hundre år. Jordprofil kan, når dei blir undersøkt gje supplerande material til meir kunnskap.



Figur 11. AMS-dateringer av korn av bygg høvesvis frå kontekst 1 og 3 på felt 10. Dateringsnummer, prøvematerial samt alder i ^{14}C -år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne er plot som syner alderen BP etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).



Figur 11. Snittet gjennom antropogene sediment frå dagens overflate og ned i naturbakken ved rydningsrøysa (36500) på felt 10. Lokaliseringa av prøver til analysar av makroskopiske subfossil er markert med tala 248-252, medan prøvene til analyse av mikroskopiske subfossil er markert med • og tala 239-247. Figur: AM UiS.

4. Samanfating

Målet med analysar av makroskopiske og mikroskopiske subfossil er å påvise kva restar av planter og anna organisk materiale samt uorganisk materiale som er avsett innan det undersøkte området gjennom tidene, og kva for inngrep og aktivitetar utført av menneska som har funne stad og medført spreinga av desse funna. Dei analytiske resultatane inklusive ¹⁴C-dateringane utgjer datasett som danner grunnlag for å forstå utviklinga av busetnaden og samanhengen mellom den antropogene påverknaden på Myklebust og kva tilhøve i fortida som kan vera årsak til den samla tilgangen på botaniske ressursar på staden og danninga av sedimenta. Resultata av analysane går fram av tabellane 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7. Tabell 1 gjev oversyn over fordelinga av alle preparerte og analyserte sedimentprøver.

4.1. Makroskopiske subfossil

Makroskopiske subfossil er restar av anten planter eller dyr større enn 0,5 mm. Av planter er trekol det vanlegast funnet i fleirtalet av prøver, medan talet på identifiserte typar av planter varierar frå prøve til prøve. Diasporar eller fragment av dyrka planter, viltveksande matplanter, eittårige urter, fleirtårige planter eller planter som er ikkje er identifisert til art, men slekt, familie eller plantematerial og i tillegg sporeplanter er påvist i eit fleirtal av prøvene, men variasjonen mellom prøvene er stor både når det gjeld mengder og fordelinga innan dei ulike gruppene av planter. Av dyr er funna avgrensa til bein, insekt og skjell.

Talet på ulike typar av diaspora er presentert i tabellane, og når det er relevant er konsentrasjonen av ymse grupper av desse pr. liter sediment presentert. Mengdene av trekol og sporar er vurdert på ein relativ, vurdert 4-delt skala i tabellane: inga markering (ikkje påvist), x (til stades), xx (vanleg) og xxx (rikeleg).

4.1.1. Dyrka planter

Som det går fram av Tabell 3-10 er alle dei dyrka plantene for det meste er i form av korn som grunna graden av korrosjon ikkje er identifisert til slekt eller art. Skadane kan vera resultat av påverknaden av høg varme under forkolingsprosessen, av fysiske skader under lang tids opphaldet i antropogene sediment eller ein kombinasjon mellom desse og eventuelle andre faktorar. Eit fåtal korn er identifisert til slektene bygg *Hordeum*, havre *Avena* og kveite *Triticum*, og nokre få av byggkorna til høvesvis agnekledd og naken bygg *Hordeum vulgare* var. *vulgare* og *Hordeum vulgare* var. *nudum*. Som vist i figur 13 er funna fordelt i tid frå den yngste delen av steinalderen, 2200-2000 BC (cal. 2 sigma) fram overgangen til vikingtid, men med flest funne høvesvis frå tidsromma ca. BC 1500-1200 og 50 BC-AD 700.

4.1.2. Viltveksande matplanter

Viltveksande planter er representert av nokre få artar. Hassel *Corylus avellana* er i form av fragment av forkola nøtteskal. Hasselnøtter som er rike på næring og tåler lagring langt betre enn andre viltveksande vegetabiliske næringsmiddel så som bær, er også lette å transportere som niste og bevare som matreserve mellom vekstsesongane. Funn av bringebær *Rubus idaeus* og krekling *Empetrum nigrum* syner utnyttinga av viltveksande vegetabiliske som ressursar gav smak som ingen andre matvarer kunne by på, var kjelde til vitaminar og mineral og hadde medisinsk verdi. Desse ressursane som ikkje tålte lagring på same vis som nøtter, vart i særleg grad utnytta i vekstsesongen medan dei var tilgjengeleg i naturen, dvs. på sommaren og hausten. Sjølv om funna frå denne lokaliteten er små og spreidde, understrekar dei saman med funn frå lokalitetar over heile landet frå førhistoria og gjennom mellomalderen og fram til i dag ein kontinuerlege tradisjonen for utnytting av naturressursar (Griffin 1994; Soltvedt et al. 2007; Soltvedt og Sandvik 2012 og fleire). Desse bærtypane er vanlege i vegetasjonen i landsdelen også i dag. Det same gjeld "villerter" av slekta skolm *Lathyrus* eller vikke *Vicia* som også er spor etter sanking av matressursar i utmarka.

4.1.3. Eittårige urter

Eittårige urter er tett knytt til jordbruk fordi desse plantene overlever frå ein vekstsesong til neste som frø og difor kan tåla at jorda blir rota om av ard, plog eller andre reiskap som er nytta i åkerbruket, i motsetnad til fleirårige planter som får skadar på både røter og overjordiske delar av planta. Nokre artar blir favorisert av tilgang på gjødsel og anna organisk avfall. Undersøkingar av makroskopiske subfossil frå Rogaland og andre landsdelar tyder på at det kan ha vore lite eittårig ugras i kornårane i yngre steinalder og eldre bronsealder, men auka at frekvens auka i ettertida. Det kan vera fleire årsaker til at vi finn meir ugras saman med kornet frå yngre bronsealder og utover i jernalderen. Eitt alternativ er at gjødsling av åkrane med husdyrmøkk tilfører frø, eitt anna at strategien i haustinga endrar seg slik at ein samlar inn større delar av strået og dermed får med ugrasa som er låg planter i høve til kornslaga (Soltvedt et al. 2007, Sandvik 2007, Soltvedt & Prøsch-Danielsen 2012, Jensen & Soltvedt 2011, 2012). Det er generelt få forkola diasporar av eittårige urter i prøvene frå Myklebust, men med nokre få unntak så som ei prøve frå hus 8 på felt 7 (tabell 5) som inneheldt rikeleg med diasporar av meldestokk *Chenopodium album*, linbendel *Spergula arvensis*, vassarve *Stellaria media*, hønsegras *Persicaria* samt slekta tungras *Polygonum*.

4.1.4. Andre planter

Denne gruppa omfattar diasporar av fleirårige planter utan særleg preferanse for veksestad samt diasporar som er i så dårleg stand ikkje at dei ikkje kan identifiserast til art, slekt eller familie. Gruppa omfattar i dette tilfellet familien gras Poaceae og slekta storr *Carex* som begge kan omfatte mange artar med svært ulike preferansar til livsmiljø. I tillegg finst soleie *Ranunculus* og meir sjeldan tiggarsoleie *Ranunculus sceleratus*, mure *Potentilla*, maure *Galium*, smalkjempe *Plantago lanceolata*,

Trekol finst både som makroskopiske og mikroskopiske subfossil, og er kjelde til kunnskap om forveda planter så som treslag, buskar og lyng. Funna av makroskopisk trekol frå denne undersøkinga er av både lauvtre og bartre. Lauvtrea påvist er høvesvis or *Alnus*, bjørk *Betula*, hassel *Corylus avellana*, vier *Salix*, osp *Populus*, rogn/hegg *Sorbus/Prunus padus* samt eik *Quercus*, medan utvaler av batre er avgrensa til furu *Pinus sylvestris*. I tillegg er lauvved som ikkje kunne identifiserast til art eller slektsamt lyng *Ericales* (Amundsen 2010, Storstad 2012). Overland (2012) tolkar langskapet som ope utan særleg innslag av skog ut frå funna av pollen og andre mikroskopiske subfossil. Vegetasjonshistoriske undersøkingar både i Rogaland (Prøsch-Danielsen & Simonsen 2000a; 2000b) og andre landsdelar har synt at treslaga selje, osp og bjørk kom tidleg inn i vegetasjonen etter siste istid og at trekol av desse treslaga er vanleg avsett i busetnader av ulik alder. Funna syner dømme på utnyttinga av og tilgangen på vegetabiliske ressursar utanom slike som vart nytta til mat. Av desse er furu og eik truleg nytta til bygningstømmer medan or og bjørk er vanleg brukt som ved. Greiner av dei fleste treslag kan i tillegg til ha andre bruksområde så som til flettverk og andre konstruksjonar, reiskap, og ymse andre formål så som lauv og bork som også i nyare tid har vore sankt til bruk som vinterfor for husdyr. Funna av mikroskopiske trekolfragment som også er ein type subfossil, er resultat av brenning, ofte kring og i busetnad. Som vist hos Overland (2012) kan trekol i denne forma bli spreidd i svært store mengder.

4.1.5. Sporeplanter

Funna av sporeplanter er dominert av sclerotium av sopparten svartgryn *Cenococcum geophilum* som lever i jord. Svartgryn er påvist i mange av prøvene og i tildels rikelege mengder. Sclerotium, som er kvilestadiet av sopp, er ein kompakt masse av mycel som danner matreserve for soppen utanom vekstsesongen. Sopp har ikkje evne til fotosyntese og hentar næringskjeldene sine hos planter som har fotosyntese eller livsformer som ikkje har fotosyntese sjølv, men ligg lengre oppe i næringskjeda enn plantene, så som dyr og menneske.

4.2. Zoologisk material

Eggkokongane som er påvist i mange av prøvene er det vanlegaste zoologiske materialet påvist ved denne undersøking. Opphavet til eggkokongane er leddmakk som høyrer til i familien Lumbricidae og er livsformene som i hovudsak finn nærings si i jorda og i organisk material på jordoverflata. Dei er svært viktige for tilførselen til og omdanninga av næringsemna i jorda samstundes som dei er årsak til

bioturbasjon i sedimenta. Funna av desse er difor ei påminning om mogeleg risiko for både vertikal og horisontal flytting av små partiklar, så som pollen, sporar og ymse anna mikroskopisk material. Nokre av funna av zoologiske materialet er i form av brente bein (Denham 2012), og sidan funna er frå kontekst tolka som graver (Dahl 2014) ligg det nært å tru at beina er frå menneske. I nokre få tilfelle er det funne insekt.


4.3. ¹⁴C-dateringar

Prøvematerialet til ¹⁴C-dateringar er dominert av plantemateriale som trekol av lauv og lyng og forkola korn, i tillegg er bein frå graver i nokre tilfelle datert og i eitt tilfelle er dateringsprøva restar av sopp. Resultata av dateringane er spreidd over ca. 3000 år frå 4000 BP til 1200 BP (ukalibrert), eit tidsrom som omfattar tida frå overgangen mellom yngre steinalder og eldre bronsealder til og med yngre jernalder. Det er spor etter jordbrukskultur frå heile tidsrommet som også omfattar tida då avskoginga for alvor kom i gang på Rogalandskysten og lynghעיene vart danne.

4.4. Samla vurdering av resultatata

Sedimentprøvene som er analysert er frå kontekst så som stolpehol og eldstader både innan og kring hus frå ulike felt og tidsrom samt ymse groper tolka som graver, kokegroper og eldstader, eit tråkk etter husdyrferdsel i SA delen av felt 1 samt to jordprofil frå høvesvis felt 7 og 10. Det er funn av dyrka planter, viltveksande matplanter, eittårige urter, fleirtårige urter, forveda planter så som ymse treslag, buskar og lyng samt sporeplanter. Mesteparten av desse funna er forkola og til dels i såpass dårleg stand at det synte seg vanskeleg å identifisere dei til slekt og art. Eittårige urter er generelt ujamt representert, men særleg rikt representert i ei av prøvene. Av dyrka planter er det korn av havre og bygg og fragment av korn. Mange eittårige urter er slike som veks som ugras på dyrka mark, og funn dannar dermed tette band til dyrking jamvel der ein ikkje finn dyrke planter. Den vanlegaste typen av botaniske makroskopiske subfossil er trekol som er tilstade i omlag alle prøvene, men i ulike mengder og av fleire treslag. Ein skal merke seg at vedanatomiske analysar ved dei fleste prosjekt ved AM, så også dette, tek sikte på å finne det beste prøvematerial til ¹⁴C-dateringar. Treslaga som høver best til dette formålet er lauvtre som har kort levetid og difor gjev grunnlag for meir presise dateringar enn furu og eik som kan bli mange hundre år gamle. Som vist i tabell 2 og figurane 3, 2, 5,6, 7, 9, 10 og 11 er treslaga nytta til dateringsprøver for det meste bjørk og or, men osp, selje og hassel og lauvtre som ikkje er eik samt lyng er også nytta. Soppen svartgryn som er jordbuande, er påvist i til dels store mengder i nokre av prøvene frå felt 7. Der fanst det eit gravfelt og brente bein, og sidan soppen og dei brente beina er av om lag same alder kan ein ha grunn til å lure på om gravfeltet har fremja levekåra for denne soppen. Det vanlegaste funnet av zoologisk material er eggkokongar av leddmakk som er del av den jordbuande faunaen. I tillegg er det spreidde funn av bein og insekt.

Dei samla resultatata frå Myklebust gjev innsyn i miljøtilhøve gjennom meir enn 3000 år samt menneska si tilpassing gjennom endringar i levekåra slik dei er avspeglå i byggeskikk, teknologi, næringsstrategi, gravskikk og reiskap.



Figur 11. Alle AMS-dateringar av korn frå Myklebust. Dateringsnummer, felt og eventuelt hus står til venstre i figuren, og til høgre for denne er plot som syner alderen BP eller AD kalibrert med OxCal 4.2 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

4.5. Myklebust i framtida

Den planlagde utbygginga på Myklebusthøgda er fullført. Eit interessant spørsmål no er kor vidt det er att bevarte kultur- og naturminne på staden, kva tilstand desse er i og om og korleis dei kan bli bevart og utnytta til kunnskapskjelde i framtida (Hjelle et al. 2017). Framtida kan ha tilgang til andre metodar enn kva vi har i dag og vil stille nye spørsmål.

Som vist i figur 1a og 1b grensar reguleringsområdet som no er undersøkt av arkeologar og naturvitarar til våtmarksområdet Storamyrr. Miljøvernvedlinga hos Fylkesmannen i Rogaland si forvaltningsplan for Storamyrr naturreservat med tilhøyrande vegetasjon og dyreliv (2013) omhandlar først og fremst Storamyrr som er del Jæren våtmarksområde og eit Ramsar-området med internasjonal vernestatus. I utkastet til planen som vart sendt ut på høyring sto det mellom anna at det ikkje er kjende kulturminne innan verneområde. AM UiS peikar i høyringsnotatet sitt på spora etter ymse påverknad frå menneske og andre faktorar som kan ha avsett spor i fortida ikkje er synlege på overflata i dag, men som enno kan vera bevart i myrer og våtmarker. Storamyrr og andre våtmarksområde er viktige kjelder både til kunnskap om endringane i strandnivået etter siste istid (Thomsen 1982a; 1982b, Prösch-Danielsen 2006) og andre endringar i miljøet i eit langtidsperspektiv. Undersøkingar både i Rogaland og andre landsdelar viser at vatn og våtmark også kan vera potensial for bevaring av kulturminne i form av antropogene sediment og ymse andre spor frå fortida, så som til dømes sedimenta i Alvevatnet, trestammene på botnen av Harvalandsvatnet og bronselurane frå Revheimsmyra.

Storamyrr kan, som dei fleste myrrar i skogfattige område så som lyngheilandskapet i Rogaland, har vore utnytta til torvtekt. Falkeid (1998) gjev eit interessant innsyn i tilhøvet mellom menneska og torv som lenge var den ressursen som gav menneska brensel til varme og ymse andre formål i kystnære og avskoga område. Tilgang til torvmyrene var regulert slik gardane i eit området hadde retten til å skjera torv på særlege myrrer eller kunne gje andre tilgang til torvmyrra. Dei våtaste delane av myrra der bevaringspotensialet for organisk material er størst og best har vore lite attraktive for torvtekt, og desse kan difor ha unngått skadelege inngrep gjennom tidene slik at potensialet som natur- og kulturhistorisk arkiv no framleis er bevart. Interessene for Storamyrr som Ramsar-lokalitet og funksjonsområde for sårbare og sterkt trua fugle- og planteartar fell saman med interessene for å bevare natur og kulturhistoriske arkiv. Vi viser til om Lov om kulturminne av 1978 med seinare endringar, og i særleg grad formuleringane i §1 og §2 i fortida.

5. Kjelder

- Amundsen, J. 2010. *Vedartsbestemmelse av trekull fra Myklebust*, Sola kommune, Rogaland. AM Oppdragsrapport 2010/14. Arkeologisk museum UiS.
- Anderberg A-L. 1994. *Atlas of seeds and small fruits of Northwest-European plant species. Part 4: Resedaceae-Umbelliferaea*. Swedish Museum of Natural History. Stockholm. 281 s
- Bakkevig, S. 1998. Ny flotasjonsmaskin finner de minste spor etter fortiden. *Frå haug ok heidni* 1998/4, 21-24.
- Bakkevig, S., Griffin, K., Prösch-Danielsen, L., Sandvik, P.U., Simonsen, A., Soltvedt, E-C. & Virnovskaia, T. 2002. Archaeobotany in Norway: Investigations and methodological advances at the Museum of Archaeology, Stavanger. In (ed.): K. Viklund. *Nordic Archaeobotany-NAG 2000 in Umeå*, 23-48.
- Beijerinck, W. 1947. *Zadenatlas der Nederlandsche Flora*. Wageningen.
- Berggren, G. 1969. *Atlas of seeds and small fruits of Northwest-European plant species. Part 2: Cyperaceae*. Swedish Natural Science Research Council. Stockholm. Lund. 68 s.
- Berggren, G. 1981. *Atlas of seeds and small fruits of Northwest-European plant species. Part 3: Salicaceae - Cruciferae*. Swedish Natural Science Research Council. Stockholm. 261 s.
- Bertsch, K. 1941. *Früchte und Samen: ein Bestimmungsbuch zur Pflanzenkunde der vorgeschichtlichen Zeit. Handbücher der praktischen vorgeschichtsforschung*. Stuttgart, F. Enke. 247 s.

- Bronk Ramsey. 2003. OxCal v3.9.
- Bronk Ramsey. 2013. OxCal v4.2.
- Cappers, R.T.J., Bekker, R.M. & Jans, J.E.A. 2006. *Digitale Zadenatlas van Nederland (Digital seed atlas of the Netherlands)*. Barkhuis Publishing & Groningen University Library. Groningen 2006.
- Dahl, B.I. 2014. Arkeologisk utgraving av hus og graver. Myklebust gnr. 3, Sola kommune, Rogaland. *Oppdragsrapport B 2014/20*. Arkeologisk museum Universitetet i Stavanger.
- Denham, S.D. 2012. Osteologisk analyse, Myklebust. Oppdragsrapport 2012/17., Arkeologisk museum, UiS.
- Dombrovskaja A. V., Korenyeva, M. M. & Turemnov, S. N. 1959. *Atlas of the Plant Remains Occurring in Peat*. Leningrad & Moskva.
- Falkeid, K. 1998. *Torn*. Lokalhistorisk stiftelse 1998. 112 s.
- Fylkesmannen i Rogaland, Miljøavdelinga. 2013. Forvaltningsplan for Storamyrr naturreservat, Sola kommune, Rogaland. *Miljørapport nr. 2 – 2013*.
- Fyllingen, H. 2009. Notat om forundersøkning på Myklebust i 2009. Topografisk arkiv, Arkeologisk museum I Stavanger, UiS.
- Gil, T.G.B. 2012. Arkeologiske utgravninger av lokaliteten Alvasteinen på Myklebust, gnr. 3 bnr. 1134, Sola kommune, Rogaland. Oppdragsrapport 2012/12, Arkeologisk museum I Stavanger, UiS.
- Gil, T.G.B. 2016. Geometrical observations regarding Early iron age longhouses in southwestern Norway. In Frode Iversen & Håkan Petersson (Eds.): *The agrarian life of the north 2000 BC-AD 1000 – Studies of rural settlement and farming in Norway*, 221-237.
- Griffin, K. 1988. Plant remains. E. Schia (Ed) *De arkeologiske utgravningene i Gamlebyen, Oslo*. Bd. 5; 15-108.
- Griffin, K. 1994. The Usage of Wild Berries and Other Fruits in the Mediaeval and Post-mediaeval Households in Norway. *Botanical Journal of Scotland* Vol 46/4: 521-526. Edinburgh University Press LDT. Edinburgh.
- Handeland, H. 2006. Rapport fra kulturhistoriske registreringer i Sola kommune, gnr. 3 bnr. 1, 2, 3, 10, 20, 22, 30, 31. Rogaland fylkeskommune, Stavanger.
- Helliesen, T. 1902. Oldtidslevninger i Stavanger Amt. *Stavanger Museums Årshefte 1901*, s. 56-57.
- Hjelle, K.L., Prøsch-Danielsen, L. & Soltvedt, E.-C. 2016. Potentials and recommendations: Agrarian botanical data from western Norway. In Frode Iversen & Håkan Petersson (Eds.): *The agrarian life of the north 2000 BC-AD 1000 – Studies of rural settlement and farming in Norway*, 293-324.
- <http://webtjenester.artsdatabanken.no/Artsnavnebasen>.
- Katz, N. Ya., Katz, S.V. & Kipiani, M.G. 1965. *Atlas and keys of fruits and seeds occurring in the Quaternary deposits of the USSR*. Nauka, Moskva. 365 s (Russisk tekst)
- Katz, N. Ya., Katz, S.V. & Skobeyeva, E.I. 1977. *Atlas of Plant Remains in Peat*. Nedra, Moskva & Leningrad. 371 s (Russisk tekst).
- Korsmo, E., Videm, T. & Fykse, H. 2001. *Korsmos ugrasplandsjer*. Landbruksforlaget. 295 s.
- Lid, J. & Lid, D.T. 2005. *Norske flora*. 6. utgåve ved Reidar Elven. Det norske samlaget, 1014 s.
- Overland, A. 2012. Naturvitenskaplige undersøkelser av dyrkningslag på Myklebust, Myklebust, gnr. 3, Sola kommune, Rogaland. *AM Oppdragsrapport 2012/15*.
- Prøsch-Danielsen, L. & Simonsen, A. 2000a. The deforestation patterns and the establishment of the coastal heathland of southwestern Norway. *AmS-Skrifter* 15, 1-53.
- Prøsch-Danielsen, L. & Simonsen, A. 2000b. Palaeoecological investigations towards the reconstruction of the history of forest clearances and coastal heathlands in south-western Norway. *Vegetation History and Archaeobotany* 9, 189-204.
- Prøsch-Danielsen, L. 2006. Sea-level studies along the coast of southwestern Norway. With emphasis on three short-lived Holocene marine events. *AmS-Skrifter* 20, 1-94.
- Rønneseth, O. 2001. *Gard og gjerde. Faser i utviklingen av Jarens kulturlandskap*. Norsk utgave ved Frans-Arne Stylegard. Erling Sjalgssonselskapet. Stavanger. 273 s.

- Sandvik, P. U. 2007. Naturvitskapeleg metode og dokumentasjon. I Bårdseth, G. A. (red) 2007. Hus og gard langs E6 i Råde kommune. E6-prosjektet Østfold Band 1. *Varia 65*,. 53-55. Kulturhistorisk museum. Fornminneseksjonen. Oslo.
- Schoch, W.H., Pawlik, B. & Schweingruber, F.H. 1988. Botanical macro-remains. Paul Haupt Publisher, Bern & Stuttgart. 227 s.
- Soltvedt, E.-C. 2000. Carbonised cereal from three Late Neolithic and two Bronze Age sites in western Norway. *Environmental Archaeology, the Journal of Human Palaeoecology* 5, 49-62.
- Soltvedt, E.-C., Løken, T, Prøsch-Danielsen, L. Børsheim, R.L. & Oma, K. 2007. Bøndene på Kvålehodlene. Boplass-, jordbruks- og landskapeutvikling gjennom 6000 år på Jæren, SV Norge. *AmS Varia* 47, 215 s.
- Soltvedt, E.-C. & Jensen, C. E. 2011. Makrosubfossil og pollenanalyse fra forhistoriske åkerlag, hustomter og graver på Tjora. Tjora gnr. 10, bnr. 5, 17 og 19, Sola kommune. *AM Oppdragsrapport* 2011/24
- Soltvedt, E.-C. & Jensen, C. E. 2012. Botaniske analyser av makro- og mikrofossiler fra Jåsund gnr.1, Sola kommune. *AM Oppdragsrapport* 2012/24.
- Soltvedt, E.-C. & Sandvik, P.U. 2012. Viltvoksende nytteplanter. *frå haug ok beidni* nr. 3/2012, 33-41.
- Storstad, T.M. 2012. Vedanatommiske analyser Myklebust. Oppdragsrapport 2012/8. Arkeologisk museum UiS.
- Sundet, N.O. 2006. Rapport fra kulturhistoriske registreringer i Sola kommune, gnr. 3 bnr. 1, 2, 3, 30, 31, 86. Rogaland fylkeskommune, Stavanger.
- Thomsen, H. 1982a. Late Weichselian shore-level displacement on Nord-Jæren, South-west Norway. *Geologiska Föreningen i Stockholm Förhandlingar* 103, 448-468.
- Thomsen, H. 1982b. Shore-level studies on Nord-Jæren, South-west Norway. *PACT* 7, 157-171.
- Wasylikowa, K. 1986. Analysis of fossil fruits and seeds. I: B. Berglund (red.) & M. Ralska-Jasiewiczowa: *Handbook of Holocene Palaeoecology and Palaeohydrology*, 571-590.

Vedlegg 1: Figurtekst figure 1-13

Figur 1a. Kart over nordre delen av Tanangerhalvøya med markeringar av grensene mellom ulike gardar, marktypar inklusive torvmark samt registrerte kulturminne (Rønneseth 2001).

Figur 1b. Kart basert på Figur 1a med utheving av Myklebust gnr. 3, Sola kommune, samt markering av utgravingsfelte frå 2010-2011 (Dahl 2014).

Figur 2. Myklebust gnr. 3. Busetnaden før utbygginga og fordelinga av delfelta 1-3 og 6-12. Felte 4 og 5 ligg SV for felte 2, 3 og 6, men utanom dette bildet (Dahl 2014).

Figur 3. AMS ^{14}C -dateringar frå felt 1, husa 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 18. Dateringsnummer, hus og alder i ^{14}C -år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne er plot som syner alderen BP etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

Figur 4. AMS ^{14}C -dateringar frå dyretråkket på felt 1. Dateringsnummer, kontekst og alder i ^{14}C -år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne er plot som syner alderen BP etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

Figur 5. AMS ^{14}C -dateringar frå kontekst kring Alvasteinen på felt 2. Dateringsnummer, prøvematerial samt alder i ^{14}C -år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne er plot som syner alderen BP kalibrert etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

Figur 6. AMS ^{14}C -datering frå ein kontekst på felt 6. Dateringsnummer, felt, prøvematerial samt alder i ^{14}C -år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne plot som syner alderen BP etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

Figur 7. AMS ^{14}C -dateringar frå kontekst tilknytt hus 8, 9 og 13 på felt 7. Dateringsnummer, hus, prøvematerial samt alder i ^{14}C -år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne plot som syner alderen BP etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

Figur 8. AMS-datering dateringar frå ymse kontekst utanom husa på felt 7. Dateringsnummer, felt, prøvematerial samt alder i ^{14}C -år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne er plot som syner alderen BP etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

Figur 9. AMS-datering dateringar felt 8 frå kontekst tilknytt hus 10, 14 og 15. Dateringsnummer, hus, prøvematerial samt alder i ^{14}C -år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne er plot som syner alderen BP etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

Figur 10. AMS-datering dateringar frå kontekst frå felt 9 tilknytt hus 7. Dateringsnummer, hus, prøvematerial samt alder i ^{14}C -år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne er plot som syner alderen BP etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

Figur 11. Snittet gjennom dei antropogene sedimenta frå dagens overflate og ned i naturbakken ved rydningsrøysa på felt 10. Lokaliseringa av prøver til analysar av makroskopiske subfossil er markert med tala 248-252, medan prøvene til analyse av mikrofossil er markert med ● og tala 239-247. Figur: AM UiS.

Figur 12. AMS-dateringar dateringar frå kontekst på felt 10. Dateringsnummer, prøvematerial samt alder i ^{14}C -år BP ± 1 sigma står til venstre i figuren, og til høgre for denne er plot som syner alderen BP etter kalibrering med OxCal 3.9 til kalenderår BC/AD (cal. 2 sigma).

Figur 13. Alle AMS ^{14}C -dateringar av korn med alder BP og kalibrerte alder BC/AD (cal. 2 sigma).

Vedlegg 2: Tabellar 1-7.

Tabell 1. Innsamla prøver

Tabell 2. AMS ^{14}C -dateringar

Tabell 3, del 1, 2 og 3. Analyserte prøver felt 1

Tabell 4. Analyserte prøver felt 2

Tabell 5, del 1, 2 og 3. Analyserte prøver felt 7

Tabell 6. Analyserte prøver felt 8

Tabell 7. Analyserte prøver felt 6, 9, 10, 11, 12

Tabell 1. Alle prøver etter AM Nat.Vit. Nr.

| Prøvenr | AM Nat. Vit. Lab. 2010/01- | B.lid (målepunkt Intrasis) | Provetype | S.nr. | Struktur nr. | Struktur type | Struktur nr. på skjema | Fell | Hus | Lokalisering | Preparert (1=j) | Volum prep. Raude tai: aniat volum der data manglar. | Sortert (1=j) | Analysert (1=j) | 14C-datering (1=j) |
|---------|----------------------------|----------------------------|-----------|-------|--------------|---------------|------------------------|------|-----|--|-----------------|--|---------------|-----------------|--------------------|
| 1 | 2010/01-001 | 4740 | Jord | 12603 | 3467 | AK | 3467 | 6 | | kokegrop | 1 | 2,5 | 1 | 1 | |
| 2 | 2010/01-002 | 5664 | Jord | 12603 | 5642 | AK | 5642 | 6 | | kokegrop | 1 | 2,0 | 1 | 1 | 1 |
| 3 | 2010/01-003 | 7505 | Jord | 12603 | 1227 | AK | 1227 | 1 | | | 1 | 4,1 | | | |
| 4 | 2010/01-004 | 14415 | Jord | 12603 | 5618 | AS | 5618 | 6 | | stolpehol | 1 | 1,5 | 1 | 1 | |
| 5 | 2010/01-005 | 14416 | Jord | 12603 | 4755 | AS | 4755 | 6 | | stolpehol | 1 | 3,0 | 1 | 1 | |
| 6 | 2010/01-006 | 13776 | Jord | 12603 | 10629 | AL | 10629 | 1 | 1 | midtaksen | 1 | 3,6 | 1 | 1 | |
| 7 | 2010/01-007 | 13780 | Jord | 12603 | 10629 | AL | 10629 | 1 | 1 | midtaksen | 1 | 3,0 | 1 | 1 | |
| 7 | 2010/01-007 | 13780 | Jord | 12603 | 10629 | AL | 10629 | 1 | 1 | midtaksen | 1 | 3,6 | | | |
| 8 | 2010/01-008 | 13784 | Jord | 12603 | 9503 | AL | 9503 | 1 | 1 | midtaksen | 1 | 3,0 | 1 | 1 | |
| 9 | 2010/01-009 | 13788 | Jord | 12603 | 9503 | AL | 9503 | 1 | 1 | midtaksen | 1 | 3,8 | 1 | 1 | |
| 10 | 2010/01-010 | 13792 | Jord | 12603 | 10629 | AL | 10629 | 1 | 1 | midtaksen | 1 | 3,4 | | | |
| 11 | 2010/01-011 | 13796 | Jord | 12603 | 13226 | AL | 13226 | 1 | 1 | midtaksen | 1 | 3,9 | 1 | 1 | |
| 12 | 2010/01-012 | 13800 | Jord | 12603 | 13226 | AL | 13226 | 1 | 1 | midtaksen | 1 | 1,1 | 1 | 1 | |
| 13 | 2010/01-013 | 13947 | Jord | 12603 | 327 | AA | 327 | 1 | | grav | 1 | 2,0 | 1 | 1 | |
| 14 | 2010/01-014 | 14275 | Jord | 12603 | 915 | AG | 915 | 1 | | | 1 | 3,5 | | | |
| 15 | 2010/01-015 | 14501 | Kol | 12603 | 13911 | AL | 13911 | 1 | 1 | Kolkonsentrasjon på steinplating - golvlag | 1 | 3,2 | 1 | | |
| 16 | 2010/01-016 | 15286 | Kol | 12603 | 14333 | AI | 14333 | 2 | | lag | 1 | 2,1 | 1 | 1 | |
| 17 | 2010/01-017 | 200153 | Jord | 12603 | 14446 | AL | 14446 | 1 | | grav 327 | 1 | 1,7 | 1 | 1 | |
| 18 | 2010/01-018 | 15119 | Jord | 12603 | 3892 | AA | 3892 | 1 | | grav | 1 | 3,4 | 1 | 1 | |
